

**Sakshandsamar:**

Tor Solheim

E-post: tor.solheim@sfj.no

Tlf: 57 72 51 30

Vår ref.

Sak nr.: 06/5214-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

45/07

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 03.01.2007

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdeling

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Høyring - Forslag til endringar i lov om fagskuleutdanning administrativ leiar Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane

Som administrativ leiar for Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane kjem eg med slikt innspel til høyringsbrev frå KD datert 15.11.2006.

Innleiande kommentar

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane ser det som positivt at det vert føreteke ein grenseoppgang mellom friskulelova og fagskulelova. Fagskuleutdanning er definert som tertiærutdanning. Uklarheit har skapt forvirring om fagskuleutdanninga si plassering i utdanningssystemet. Det er derfor viktig å fastslå at friskulelova *berre* kan nyttast til godkjenning av alternative utdanningar på vidaregåande skule sitt nivå.

Dagens rammestyrte finansiering av fagskuleutdanning er uheldig. I ein overgangsperiode kunne ein godta at finansieringa av fagskuleutdanning vart ordna på denne måten. For å skape ein god, planlagd fagskuleutdanning må finansieringa sikrast gjennom forskrift. Forskrifta må på same måte som for høgre utdanning, sikre at auka i aktivitet vert dekt ved økte tilskot til den enkelte skule. Dette må gjelde for all utdanning godkjent etter lov om fagskuleutdanning.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane støtter ei harmonisering med lov om universitet og høgskular, da begge omhandlar tertiærutdanningar. Reknar med at dette også vert teke omsyn til i arbeidet med tilpassing til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket.

§ 1 Formål og virkeområde

Den nye lovteksten dekker på ein betre måte formålet med fagskuleutdanning.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane meiner likevel at ordet "korte" i 2. ledd kan sløyfast, då det seinare i same setning vert slått fast kva omfanget skal være.

Som tillegg i 2.ledd bør det takst med eit krav om at yrkesretta vert å forstå slik at fagskuleutdanninga *skal bygge på søkaren sitt relevante fagbrev/fagbakgrunn*.



§ 2 Godkjenning

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane støtter forslaget om at tilbyder av utdanningar under visse vilkår kan få fullmakt til å opprette og legge ned fagskuleutdanningar. Dagens situasjon med til dels lang godkjenningsprosedyre av søknader, gjer det vanskelig å møte næringslivet sitt behov. Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane ser det som ein sjølvfølgje at alle fagskular skal ha eit tilfredsstillende system for kvalitetssikring, og støtter departementet sitt forslag her.

§ 3 Organisasjon og leining

Den nye utforminga av denne paragrafen har blitt ryddigare.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane kjem med forslag om at §3 fjerde ledd bør lyde :

Studentar og tilsette skal ha representantar med fulle rettar. Studentrepresentantar og tilsettere representantar velgast av og mellom studentane og dei tilsette.

§ 8 Statlig tilskot til fagskuleutdanninga

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane støtter forslaget om at berre utdanningar som er godkjent etter denne lova har rett til tilskot.

Når lova nå opnar for at fleire utdanningar enn i dag skal kunne få tilskot, må det være ein sjølvfølgje at løyvingane tilfagskuleutdanning vert auka. Dette må heimlast gjennom forskrift .Det må verta statleg finansiering til andre godkjende fagskuletilbod enn dei tekniske.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane kjem med forslag til endring av §8 tredje ledd.

Orda – ” kan gi” vert endra til:

Departementet gir forskrift om nærmare reglar for statleg tilskot til fagskuleutdanninga.

§ 9 Om eigenbetaling

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane støtter forslaget om at utdanningar som får statleg tilskot skal vera gratis. Næringslivet etterspør i enkelte tilfeller spesialtilpassa utdanningsmodellar, som vil ofte være meir kostnadskrevjande enn ordinære fagskuleutdanningar. I slike tilfeller må det i loven være opning for at fagskulene kan ta ei eigenbetaling som dekker ekstrakostnadene.

Forskrift som regulerar dette må kome.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane kjem med forslag til endring av §9 tredje ledd.

Orda – ”kan fastsette” vert endra til :

Departementet fastset forskrift om tilbydar sin tilgang til å ta eigenbetaling frå studentar og om tilgang til å krevje inn andre utgifter knytt til studia.

§ 10 Varning av namna fagskuleutdanning og fagskule – registrering i einingsregisteret.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane støtter forslaget om å verne namna fagskuleutdanning og fagskule ved lov. Dagens situasjon, kan villeie søkarar som trur dei søker seg til ei godkjent fagskuleutdanning fordi ordet ”fagskule” er nemnt i marknadsføringa.

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane meiner og at den som tek utdanning ved ein fagskule må få ein godkjent tittel. Det finns ingen gode ekvivalentar til bachelortittlen. For å få rett informasjon om kva nivå kandidaten har nådd etter fullført toårig teknisk fagskuleutdanning, etter godkjend plan, må det lovfestast at kandidaten får ein einskapleg tittel som for eksempel **fagskuleingeniør** eller **ingeniør**. På same måten må eittårig fagskuleutdanning innan helsefag få ein godkjend tittel, for eksempel **fagpleiar**.

Med helsing

Tor Solheim
Administrativ leiar

Fagskuleutdanninga i Sogn og Fjordane

Mottakar (ar)

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE Askedalen 2 6863 LEIKANGER

Kopi til:

Fagskulen i Måløy v/ rektor, 6718 Deknepollen

Styreleiar Siv Langøen Rotevatn, Myroldhaug 6770 NORDFJORDEID